



Rogaland

Protokoll frå styremøte 16. april 2024

Til stades: Marianne Jøsang, Inga Lill Haakull, Aslaug Sandanger, Alice Tengesdal og Gro Mabel Anda (første del av møtet), Ingrid Haugstad Håland, Ann Karin Hammer, Åse-Berit Fidjeland, Anne Kristine Lilleskog Andersen, Rita Aase Austvoll, Astrid Skretting, Margrete Tytlandsvik og Amalie Aase Grøsfjell (RBU)

Ikkje møtt: Valborg Roalkvam Sandal (ikkje fått innkalling) og Rogaland bondelag

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjende

Sak 02/2024 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte (førre)
Godkjent

Sak 03/2024 Referatsaker

Ann Karin: Møte m/RBU på Teams

Inga Lill: Årsmøte 8.-9. mars i Haugesund og styremøte Rogaland bondelag

Astrid: Årsmøte 18.-19. mars på Sola, Felleskjøpet Rogaland Agder

RBU/Amalie: RBU har søkt om landsstemne 2026, og arbeider med motivering og prøver å få fatt i nytt telt (søknader)

Sak 04/2024 Økonomiske føringar v/Gro Mabel Anda

- det nye rekneskapsprogrammet kostar kr. 269,- kvar måned for opp til 500 bilag i månaden
- annonsane og Byrkjedalstunet er fakturert
- hotellutgiftene er fordelte og sende ut til lokallaga
- det vert eit "underskot" på 16000/17000 etter årsmøtet
- me har fått 83 000 kr i tilskot frå Rogaland fylkeskommune
- sluttsummen, kr. 6700,-, etter prosjektet Bygdekvinne Nyt(t)er maten er overført til høgrentekontoen
- Gro Mabel sender samordna registermelding, og nye styremedlem leverte aktuell info
- Gro Mabel sender over rekneskap jamt og trutt til leiar
- Gro Mabel tek ansvar for søknad til Rogaland fylkeskommune og moms-kompensasjon, men det må inn i årshjulet
- ein kan søkja Studieforbundet kultur og tradisjon om støtte til inspirasjonsseminar
- hugs å senda reiserekning m/møtegodtgjersle til Gro Mabel med jamne mellomrom. Marianne sender over oppdaterte satsar

Vedtak: Tatt til orientering

Sak 05/2024 Oppfølging av lokallaga
Utsett til neste møte

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-post:	Bankgiro:	Foretaksnr:
Postboks 278 Sentrum	Felleskjøpet RA	51887270	rogaland.nbk@bygdekvinnelaget.no	3201.0502275	975658848
2002 Stavanger	Sandvikvn 21	Telefaks:			
		51880280			

Sak 06/2024 Arbeidsplanen
Utsett til neste møte

Sak 07/2024 Nettstad, Facebook og kommunikasjon
Åse-Berit har hovudansvaret for nettstaden og leiarane for FB, og alle sender det dei vil ha lagt inn til dei respektive.

Sak 13/2024 Konstituering av nytt styre
Kontaktpersonar til Rogaland bondelag, Rogaland bygdeungdomslag og 4H

Kontaktpersonen til Rogaland bondelag må vera betalande medlem, og bondelaget tar alle utgiftene. Ingrid kontaktar 4H for å høyra meir om eit ev. samarbeid.

Rogaland bondelag: Astrid Skretting
Rogaland bygdeungdomslag: Ann Karin Hammer

Sonekontaktar:

Sone 1: Bjerkreim, Heskestad, Helleland, Lund og Sirdal
Kontaktperson i styret: Ann Karin Hammer
Sone 2: Klepp, Nærbø, Time og Varhaug
Kontaktperson i styret: Astrid Skretting
Sone 3: Gjesdal, Fjellbygda, Sandnes, Sola og Randaberg
Kontaktperson i styret: Rita Aase Austvoll
Sone 4: Erfjord, Hjelmeland, Ropeidhalvøya, Sand, Sjernerøy og Suldal
Kontaktperson i styret: Margrete Tytlandsvik
Sone 5: Imsland, Skjold, Skåre, Tysvær og Vats
Kontaktperson i styret: Anne Kristine Lilleskog Andersen

Tips: Send ein e-post med "Eg ringer deg ..." eller "Når kan eg ringa deg?" så slepp me å treffa nokon midt i middagen eller Dagsrevyen.
Få gjerne innspel på behov eller ynskje til tema til lokallagssamlinga!

Vedtak: Fordelinga er godkjent

Sak 14/2024 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid
Utsett til neste møte

Sak 15/2024 Utsendingar til landsmøtet i Ålesund 7.-8. juni 2024
Me kan senda seks (6) representantar + leiar ut frå medlemstalet:
Ingrid Haugstad Håland, Ann Karin Hammer, Anne Kristine Lilleskog Andersen, Rita Aase Austvoll og Astrid Skretting frå styret, samt Tone Østtveit Kvinen (Sirdal BK) for å fronta årsmøtesak om kontingent

Vedtak: Fordelinga er godkjent

Sak 16/2024 Årshjulet og møteplan
Delvis utsett til neste møte.

Vedtak: Styremøte 21.05.24 kl. 16.30
Styremøte 25.06.24

Sak 17/2024 Evaluering av årsmøtet

Utsett til neste møte pga. få innkomne svar

Sak 18/2024 Deltaking på samlingar i andre sin regi

Saka var oppe på styremøtet 24.04.23 som sak 19/23, men me trong ei påminning om kva som vart tatt til etterretning: "Oppmodar styrets medlemmar til å senda samlingar som er interessante til leiar for vurdering. Kostnader må vegast opp mot nytte og budsjett."

Åse-Berit Fidjeland

- skrivar -